



Årsplan 2022/2023

Espira Salamonskogen barnehage



Innhold

Velkommen til Espira Kunnskapsbarnehagen!	2
Visjonen til barnehagen	3
Eit spennande pedagogisk innhald	3
Mat og måltid	4
Om barnehagen	4
Kva er ein årsplan?	6
Innhold og oppgaver i barnehagen	6
Barnehagens verdigrunnlag	6
Livsmestring og helse	7
Barnehagens formål og innhold	9

<u>Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg</u>	9
<u>Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek</u>	10
<u>Barnehagen skal fremme danning</u>	11
<u>Barnehagen skal fremme læring</u>	12
<u>Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap</u>	12
<u>Barns medvirkning</u>	16
<u>Samarbeid med foreldrene</u>	17
<u>Overganger</u>	18
<u>Når barnet begynner i barnehagen</u>	18
<u>Overganger innad i barnehagen</u>	18
<u>Overgang barnehage og skole</u>	18
<u>Barnehagen som pedagogisk virksomhet</u>	19
<u>Planlegging</u>	19
<u>Vurdering</u>	19
<u>Espira BLIKK</u>	19
<u>Spireportalen</u>	19
<u>Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte</u>	20
<u>Barnehagens arbeidsmåter, progresjon og barnehagens digitale praksis</u>	21
<u>Espiras satsinger på de yngste og de eldste barna</u>	21
<u>Småspirene</u>	21
<u>Barnehagens fagområder</u>	24
<u>Espiras satsingsområder</u>	24
<u>Vedlegg</u>	26
<u>Espiras standard for når barnet begynner i barnehagen</u>	26
<u>Espiras standard for når barnet bytter avdeling</u>	27
<u>Skolespira-standarden</u>	28

Velkommen til Espira Kunnskapsbarnehagen!

Espira vil gi barna ein fantastisk start på livet! Barnehagen skal i nært samarbeid med heimen gi barna ein trygg kvardag prega av meistring, leik, læring og glede. Espira består per 1.1.2021 av 103 barnehagar i rundt 50 kommunar.

Kva inneber det at vi er ein kunnskapsbarnehage?

Espira Kunnskapsbarnehagen har som visjon å leie utviklinga av barnehagane i framtida. Det skal vi gjere ved å drive barnehagar med høg kvalitet. Vi trur at ein viktig nøkkel til kvalitet i barnehagen er kompetente tilsette som omset eit forskningsbasert kunnskapsgrunnlag om barn og barndom til god praksis i samspel med barna.

Visjonen til barnehagen



Visjonen er ei leiestjerne for korleis barna skal ha det i barnehagen, og for kva vi tilsette skal gjere. I Espira skal alle barn bli møtte med positive haldningar og anerkjenning, kvar dag, av alle tilsette.

Eit spennande pedagogisk innhald

I Espira skal alle barn møte vaksne som viser omsorg, støttar, engasjerer og inspirerer.

Barnesynet til Espira er sjølv hjartet i Espira-barnehagane og handlar om korleis vi ser på barna og rolla vår som vaksne i barnehagen.

Barn er fylte av fantastiske evner og eigenskapar. Dei søkjer heile tida å skape mening i samhandling med omverda. Barna i barnehagane våre skal oppleve oss som deltakarar i meningsskapinga i eit trygt, omsorgsfullt og inspirerande miljø.

I det pedagogiske arbeidet til Espira, og i dei pedagogiske miljøa, byggjer personalet på det barna er opptekne av og interesserte i. Alle barnehagar skriv årsplan for det pedagogiske arbeidet. I tillegg synleggjer kvar barnehage kva for prosjekt, tema og fagområde dei jobbar med, i planar og dokumentasjon av arbeidet.

Felles for alle Espira-barnehagane er at dei følgjer barnehagelova og rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Barnehagelova gir overordna føreseigner for tilbodet, mens rammeplanen gir retningslinjer for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Mat og måltid

I Espira ønskjer vi at barna skal tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar når det gjeld kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. Det barna et og drikk i barnehagen, utgjer ein stor del av kosthaldet deira. Barnehagen påverkar derfor i stor grad matvanane, kosthaldet og helsa til barna.

Dette ansvaret tek vi på alvor, og derfor har vi sett oss desse måla:

- Barna skal få alle måltid serverte i barnehagen (frukost, lunsj og eit enkelt ettermiddagsmåltid).
- Dei skal få tilbod om frukt, grønsaker og/eller bær til alle måltid.
- Vi skal leggje vekt på å skape god stemning og ha gode samtalar under måltida, og vi skal oppmuntre barna til å vere nysgjerrige på ulik mat og ulike smakar.

Om barnehagen

Me er ein Lærerutdanningsbarnehage (LU) som ligg sentralt på Svortland i Bømlo kommune. Det å vere ein LU barnehage vil seie at me har eit nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL), der me får vere med å direkte påverke barnehagelærerutdanninga gjennom forskings - og utviklingsarbeid mellom høgskulen og barnehagen. Som ein del av sentrum har me dei fleste servicetilboda lett tilgjengeleg, som t.d Bømlo Kulturhus og Bømlo Folkebibliotek. Barnehagen er fint plassert mellom skog og mark som ligg klar til bruk. I nærområdet vårt har me mange fine turløyper, som me ofte nyttar oss av.

Faktaboks

Like bak hus 1 ligg «SKOGEN VÅR». Her har me grue, bålpanne og gapahuk. Store steinar og fjell, trær til å klatre i og eit ulendt terreng som bidrar til god leik og gjer barna allsidige motoriske utfordringar.

Ved hus 2 har me eit område som me kallar **LYNGHEIO** – favorittleikeplassen til dei eldste barna. Ein finn eit stort område urørt og ulendt terreng innanfor gjerdet, som er ei perfekt turløype for dei minste barna. Det gjev dei akkurat store nok grovmotoriske utfordringar. Me har elles eit variert utemiljø med ei god blanding av natur og ulike leikeapparat.

Me har 2 bilar a 7 seter, som me brukar for å komma oss på tur rundt omkring på den flotte øya vår. Å køyre på tur syns barna er spanande og kjempestas!

Begge hus har eigne rom med utstyr frå **Forskerfabrikken** – me er små forskarar som ser, tenkjer og snakkar matematikk og naturfag!

Fellesrommet på hus 1 er innreia med rolleleikhus, silebane, sanse – og leike krok.

Tårnet på hus 2 er fellesrom til fellessamlingar og ulike aktiviteter.

Tårnet er til gratis utleige for barnehagen sine foreldre. Ta kontakt med styrar Heine Larsen på

tlf: 45248929

Fakta

Espira Salamonskogen har 7 avdelingar:

Hus 1: Nordsio og Sørsio - småbarn, Vestsio - mellomstore.

Hus 2: Konglo og Stubben - småbarn, Brakjen - mellomstore og Lyngen - skulespira.

Ynskjer du kontakt med styrar, ring tlf: 45248929.

Opningstida til barnehagen er kl. 06.30 – 17.00, gjennom heile året.

Me har fullkosttilbod med sunt og variert kosthold, med innslag av frukt og grønt til alle måltider. To gonger i veka får me levert varm, barnevenleg mat frå Bømlø Hotell, i tillegg til at alle avdelingar lagar eit varmt måltid ein gong i veka. Me tilbyr og bleier og kvilevogner/senger til dei som treng det.

Følg gjerne Facebook-sida @espirasalamonskogen og Instagram kontoen vår [espira_salamonskogen](#) for nyhende og oppdateringar frå kvardagen vår

Kva er ein årsplan?

I rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen står det:

Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis.

Innhold og oppgaver i barnehagen

Barnehagens verdigrunnlag

Ifølge rammeplanen skal barnehagens verdigrunnlag formidles, praktiseres og oppleves gjennomgående i barnehagens pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte noen områder som skal prege barnehagens arbeid gjennomgående. Disse er: demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, bærekraftig utvikling og livsmestring og helse.

Slik arbeider vi med barnehagens verdigrunnlag i praksis:

Me legg til rette for ein god start, for både barn og foreldre. Med det meiner me eit barnehagetilbod som er godt tilpassa alle aldersgrupper, og at våre tilsette gir dei yngste barna ein god start som er fylt av tryggleik og omsorg, men og leik, læring og utforsking.

Etterkvart når barna er trygge i barnehagen, vil dei bli delt inn i grupper. Her blir det lagt stor vekt på alder, modning og utvikling.

Leiken har høg eigenverdi og dannar grunnlag for livsmeistring! Barn er fylt av fantastiske evner og eigenskapar. Dei søker heile tida å skape meining i samhandling med omverda. Me har fokus på å etablere og leggje til rette for ein god og konstruktiv leik, både ute og inne. Barna i vår barnehage skal oppleve oss som deltakarar i meiningsskapinga i eit trygt, omsorgsfullt og inspirerande miljø.

Barnehagen sitt gjennomgåande arbeid rundt demokrati skjer gjennom barna si medverknad. Mangfald og gjensidig respekt vert jobba med gjennom strategien «**Kompetanse for mangfald**». Likestilling og likeverd vert jobba gjennomgåande med i kvardagen gjennom satsinga «**Inkluderande barnehage og skule**».

I rammeplanen (2017) står det at barnehagen skal ha ein helsefremjande og førbyggjande funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjellar. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barna si trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd og førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplev å bli krenka eller mobba, må barnehagen handtere, stoppe og fylgje opp dette. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan være utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep og vite korleis ein kan førebyggje og oppdaga det.

Livsmestring og helse

I rammeplanen står det at barnehagen skal ha en helsefremmende og forbyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremmes i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette. Personalet skal ha et bevisst forhold til at barn kan være utsatt for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep og vite hvordan dette kan forebygges og oppdages.

Slik arbeider vi forebyggende og helsefremmende:

Gjennom satsinga: **Inkluderande barnehage og skulemiljø** - tiltak mot mobbing, jobbar me for at alle barn skal oppleve barnehagen som ein god og trygg plass å vera. Her skal dei møte anerkjennande, trygge, varme og grensesetjande vaksne som tar barna på alvor og møter dei der dei er.

Den 01.01.2021 kom det ein ny mobbelov for barnehagen. I barnehagelova kap.8 - **Psykososialt barnehagemiljø** - er det lovfesta at alle barn har rett til eit trygt og godt psykososialt miljø i barnehagen.

Kap. 8, § 41 - Nulltoleranse og førbyggjande arbeid.

Kap. 8, § 42 - Plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

Kap. 8, § 43 - Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenkar barn.

Me har eigne rutinar for å førebyggje krenking, mobbing, vald og overgrep. Ein jobbar aktivt for at personale skal førebyggje, ha fokus på å oppdage og iverksetje tiltak ved behov. Personalet har ein eigen overordna tiltaksplan, der det m.a er fastsett at ein skal jobbe med det psykososiale miljøet i barnehagen. Tiltaksplanen vert jobba med og evaluert på personalmøte, avdelingsmøte, planleggjingsdagar, pedagogmøte og leiarmøte.

Jenter og gutar skal få like moglegheiter, og varierte aktivitetar. Me jobbar aktivt med sosial kompetanse - alle skal oppleve meistring, glede, eigenverdi, samarbeid og gode relasjonar mellom kvarandre.

Me fremjar sunne verdiar gjennom eit fullkosttilbod og har fokus på rørsleaktivitetar kvar dag. Me har eigne rutinar og planar for korleis førebyggje og handtera ulike hendingar.

Det er godt innarbeidde rutinar i barnehagen for HMS der verneombod og styrar jamnleg vert kursa innan dette arbeidet.

Barnehagen har eit tett samarbeid med Barne - og familietenesta og andre instansar som t.d BUP, Statped, SAPT (Syns-og audiopedagogisk teneste) og Helse Fonna. Samarbeid med eksterne tenester krev samtykkje frå foreldre. Barnehagen har innført BTI - betre tverrfagleg innsats. <https://bomlo.betreinnsats.no/>

I samarbeid med Bømlo kommune og andre barnehagar i kommunen, har me gode rutinar for overgangen mellom barnehage og skule. Me arbeider tett med foreldra og skulen gjennom denne overgangen.

Barnehagens formål og innhold

Ifølge rammeplanen skal barnehagens innhold være variert og allsidig og tilpasses enkeltbarn og barnegruppen. Arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal ses i sammenheng og samlet bidra til barns allsidige utvikling. Rammeplanen har mål for personalets arbeid innen alle disse områdene.

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

Personalet i barnehagen skal:

- ivareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og hvile
- legge til rette for at barna kan knytte seg til personalet og til hverandre
- sørge for at alle barn opplever trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen
- møte alle barn med åpenhet, varme og interesse og vise omsorg for hvert enkelt barn
- være lydhør for barnas uttrykk og imøtekomme deres behov for omsorg med sensitivitet
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til selv å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg selv og andre

Slik arbeider vi for å ivareta barns behov for omsorg:

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Alle barn har ulike behov. Og det er viktig at me ser kvar og ein, er fleksible og møter kvart enkelt barn der dei er! Me jobbar for at barna skal oppleve å vera trygge i barnehagen. Dei skal møte anerkjennande, trygge, varme og grensesetjande vaksne. Den vaksne skal vera bevisst si rolle i relasjonen til barnet. Personalet har jamnlege observasjonar/diskusjonar av alle barn som gjer at me sikrar at barna blir sett og at det vert tilrettelagt innanfor det allmennpedagogiske tilbodet.

Omsorg er å leggje til rette for kviling etter barnet sitt behov og soverytme. Ut i frå FHI og Helsestasjonen sine anbefalingar om kviling og gode søvnrutinar, har me utarbeidd vår eigen rettleiar for søvn og søvnvanskar. Dette er eit eige punkt som blir tatt opp og snakka om på førstegongssamtale, og foreldresamtalar fram til barnet er ca. 3 år gammalt.

Pakken «**Psykologisk førstehjelp**» vert brukt ved behov. Pakken er eit psykopedagogisk materiell retta mot å stimulera barns tanke – og følelsesbevissthet.

Me har fokus på den gode samtalen. Der er språkløyper – ein nettbasert kompetansepakke, med å bevisstgjera heile personalet på korleis ein kan stille gode spørsmål og deretter oppretthalde den gode samtalen over tid. Sjå www.språkløyper.no

Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek

Personalet i barnehagen skal:

- organisere rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typer lek
- bidra til at barna får felles erfaringer som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leketemaer
- fremme et inkluderende miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek
- observere, analysere, støtte, delta i og berike leken på barnas premisser
- veilede barna hvis leken medfører uheldige samspillsmønstre
- være bevisst på og vurdere egen rolle og deltakelse i barnas lek
- ta initiativ til lek og aktivt bidra til at alle kommer inn i leken

Slik arbeider vi for å ivareta barnas behov for lek:

For oss er den **kraftfulle** og **lærande leiken** viktig!

Leiken er barna si viktigaste uttrykksform; den skal vera lystprega, gje glede, velvære og spenning. Leiken skal vera ei sentral side ved barna sitt sosiale liv. Gjennom lek med andre barn lærer barnet mykje om seg sjølv og andre. Leiken stimulerer og utfordrar alle sider ved barnet si utvikling.

I leiken ynskjer me mellom anna at barnet skal meistra å samarbeide; å leie, å lytte, å ta initiativ. Leiken utfordrar dei og til å vera kreativ, å vera inkluderande, fokusert og uthaldande. Nokre barn treng ekstra hjelp for å meistre leiken, då må me vaksne være til stades og støtte dei undervegs.

Leiken skal gje rom for ei god språkutvikling. Dei vaksne har ansvar for å gje barna gode meningsfylte opplevingar og leggje til rette for progresjon i leiken. Alle barn må få gode leikevilkår. Det å få «koke» havregryn, ris og kakao i gamle panner ute eller få boltre seg med plaster og bandasje som «Bamsedoktoren» har med, gjer leiken ekstra næring og tilfører den noko nytt og spennande. Den gjer rom for mange, og er samlande for barna på tvers av alder.



Barnehagen skal fremme danning

Personalet i barnehagen skal:

- tilrettelegge for meningsfulle opplevelser og støtte barnas identitetsutvikling og positive selvforståelse
- støtte barnas aktivitet, engasjement og deltakelse i fellesskapet
- synliggjøre og verdsette ulike behov, meninger og perspektiver i fellesskapet
- legge merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiver og handlinger
- utfordre barnas tenkning og invitere dem inn i utforskende samtaler
- synliggjøre og fremheve mangfold og ulikhet som grunnlag for opplevelser, utforskning og læring

Slik arbeider vi for å fremme danning:

Danning er ein kontinuerleg prosess som heng saman med og dannar grunnlag for omsorg, leik, læring og evne til å reflektera over eigne handlingar og veremåte.

I vår barnehage har me fokus på sosial kompetanse. Me skal støtta barna i at dei får gje uttrykk for eigne synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Personalet skal støtte relasjonar mellom barn, og skal rettleia barna både i handling og haldningar i forhold til både seg sjølv og andre, samstundes som ein skal støtte barna i å utvikle eit positivt forhold til seg sjølv. For personalet handlar dette om å vera til stades der barna er, slik at ein kan rettleia dei når det er aktuelt, vera i dialog, nysgjerrige og utforskande. Personalet skal gi barna omsorg og nærleik og respektera at barndommen har eigenverdi. Dei vaksne skal legge til rette for at aktivitetane i barnehagen er meningsfulle for barna.

Barnehagen skal fremme læring

Personalet i barnehagen skal:

- sørge for et inkluderende fellesskap og legge til rette for at barn kan bidra i egen og andres læring
- legge til rette for helhetlige læringsprosesser som fremmer barnas trivsel og allsidige utvikling
- være oppmerksomme på barnas interesser og engasjement og legge til rette for læring i ulike situasjoner og aktiviteter
- støtte og berike barnas initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet, læringslyst og tiltro til egne evner
- utvide barnas erfaringer og sørge for progresjon og utvikling i barnehagens innhold
- støtte barnas refleksjoner rundt situasjoner, temaer og fenomener og skape forståelse og mening sammen med dem
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevelser og erfaringer, utfordringer og mestringsopplevelser

Slik arbeider vi for å fremme læring:

Læring og utvikling skjer gjennom heile dagen i barnehagen. Me driv læring ved å gje barna ulike erfaringar som ein seinare kan bruke til refleksjon, undring og ved å ta alle sansane i bruk.

Uformell læring – her og no situasjonar, rutinar og leik. Dette er sentralt ved arbeidet i barnehagen. God omsorg og barnet si oppleving av det som skjer i den uformelle læringa er aller viktigast.

Formell læring – organiserte aktivitetar, samlingsstund, tema og prosjektarbeid.

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap

Personalet i barnehagen skal:

- støtte barnas initiativ til samspill og bidra til at alle kan få leke med andre, oppleve vennskap og lære å beholde venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andres perspektiv, se en sak fra flere synsvinkler og reflektere over egne og andres følelser, opplevelser og meninger
- støtte barna i å sette egne grenser, respektere andres grenser og finne løsninger i konfliktsituasjoner
- forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspillsmønstre

Slik arbeider vi for å fremme vennskap og fellesskap:

Barnehagen har, i samarbeid med foreldre, ei viktig oppgåve i å hjelpe barna å utvikla gode sosiale ferdigheitar. Me skal gjere barna rusta og gje dei verktøy til å veksa opp i det samfunnet dei lev i, og meistra å vera saman med andre på ein positiv måte.

Me skal hjelpe barna til å setje seg inn i eigne og andre sine kjensler, og å utvikle empati. Det er viktig å fremja positive sosiale handlingar, ved at me skal hjelpe barna med å:

- **Inkludere** – eg vil vera saman med deg. Gje barna opplevinga av å vera ein viktig del av eit fellesskap.
- **Oppmuntre** – rosa kvarandre og heia fram gode handlingar.
- **Hjelpe** – læra barna gleda ved å hjelpe andre. Dette er ein ressurs barna har i seg.
- **Vennskap** – er viktig, og ei av hovudoppgåvene for personalet er å bidra til at alle barn får oppleve å ha ein venn.
- **Kulturelt mangfald** - Ta vare på og utnytte alle dei gode ressursane i det kulturelle mangfaldet me har i barnehagen vår.

Me veit at det å jobbe med sosial kompetanse verkar førebyggjande på mobbing.

I Espira Salamonskogen skal me hjelpe kvar og ein til å bli den beste utgåva av seg sjølv.

Personalet i barnehagen skal vera anerkjennande, varme og tydelege vaksne som er tilstade, er merksame, bryr oss om, set grenser og viser empati.

Dersom barna opplever noko som er dumt eller vondt, skal me vaksne støtte dei og hjelpe dei gjennom livets opp – og nedturar, slik at barna kjem sterkare ut på den andre sida. Barna skal få øve seg på å handtere «livet». Erfaringar i tidleg barndom er viktige byggjeblokker som hjelper barna med å danne positive relasjonar med andre og å redusere negative handlingar, som t. d mobbeåtferd. Gjennom samtale, aktivitet og relasjonar i kvardagssituasjonar kan dei vaksne hjelpe barna for resten av livet.

Dei vaksne skal vera gode rollemodellar for korleis me alle bør omgås kvarandre. Verktøy me bruker er mellom anna ulike temabøker for barn, "**Grønne tanker – glade barn**", "**Inkluderande barnehage og skulemiljø**", "**Hei spel**" og "**Elle melle**".



Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Personalet i barnehagen skal:

- anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtte deres språkutvikling
- stimulere barns verbale og non-verbale kommunikasjon og legge til rette for at alle barn involveres i samspill og i samtaler
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringer med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tanker og følelser
- være bevisst på sine roller som språklige forbilder og være lydhøre i kommunikasjon med alle barn
- følge med på barnas kommunikasjon og språk og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvansker, som er lite språklig aktive, eller som har sen språkutvikling
- bidra til at språklig mangfold blir en berikelse for hele barnegruppen, støtte flerspråklige barn i å bruke sitt morsmål og samtidig aktivt fremme og utvikle barnas norsk-/samiskspråklige kompetanse

Slik arbeider vi for å fremme kommunikasjon og språk:

Barnehagen har eit stort fokus på språk i kvardagen. Hovudfokus er kvardagsspråket og her - og - nå språket. Vidare legg me stor vekt på å lese med og for barna, den gode samtalen og ulike former for språkleik.

Me nyttar ulike språkverktøy – **Språkløyper** og **Troll i ord** – for å sikre ei systematisk opplæring, både for barn med norsk som morsmål, og for fleirspråklege barn.

Troll i ord – er eit nyttig språkverktøy for alle barn, men særskilt for fleirspråklege barn. Ein stor del av dette opplegget er basert på konkrete hjelpemidlar og digitale verktøy. Troll i ord har 33 språk tilgjengeleg. www.trolliord.no

Språkløyper – skal gi barnehagepersonalet meir kunnskap, verktøy og tryggleik i arbeidet rundt barna sitt språk. Dei skal til dømes kjenne til gode arbeidsformer for språkutvikling i kvardagen, og vera i stand til å kjenne igjen ulike språkvanskar.

www.språkløyper.no

Barns medvirkning

Rammeplanen sier at barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Slik arbeider vi for å ivareta barns rett til medvirkning:

Alle barn skal bli sett, høyr, forstått og lytta til. Barna sine synspunkt, og det barna spør om, skal personalet ta på alvor.

Kva gjev barnet meining? Barnet sin alder og modning er avgjerande for kva barnet treng. I vår barnehage er prosessen det viktigaste – ikkje målet i seg sjølv. Ved å oppmuntre barna sin naturlege nysgjerrigheit og indre motivasjon til utforsking og kreativitet, skal barna sine evner til å sjå moglegheit framfor avgrensingar takast vare på.

Dette krev at personalet har god kjennskap til og forståing for barn si utvikling og møter dei der dei er. Me lyttar til barna og tar med oss deira refleksjonar vidare i planlegginga. Ein gong i året gjennomfører me barnesamtaler med barna frå dei er 3 år gamle. Gjennom samtalane får me tilbakemeldingar på om dei har venner, kva dei likar å gjere og kva dei vil gjere meir av, og om det er noko dei saknar i barnehagen.

Samarbeid med foreldrene

Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene, jf. barnehageloven §§ 1 og 4. Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Slik arbeider vi for å fremme et godt samarbeid mellom hjem og barnehage:

Dagleg dialog med foreldra der ein ynskjer barnet velkommen, med namn, om morgonen og der ein støttar barnet i å fortelje om barnet sin dag når det vert henta. I tillegg har me nesten daglege oppdateringar med tekst og bilete frå barna sin kvardag på nyhetsfeeden på Spireportalen.

Oppstartsamtale innan tre veker.

To foreldresamtalar pr. år (ein kan avtala fleire samtalar om ynskjeleg). Individuell oppfølging av enkelt barn.


Foreldremøte → avdelingsvis og for heile barnehagen. Eige foreldremøte for skulespira – foreldre før oppstart på eigen skulespira - avdeling.

Brukarundersøking → ein pr. år der foreldra kan vera med å vurdere arbeidet i Espira Salamonskogen.

Spireportalen® Dokumentasjon med tekst og bilete.

Foreldreråd → Foreldrerådet består av foreldra/føresette til alle barn og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutval → Samarbeidsutvalet skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette, tilsette og eigar i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert



Overganger

Når barnet begynner i barnehagen

Rammeplanen sier at barnehagen, i samarbeid med foreldrene, skal legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet opplever tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære.

Vi følger Espiras standard for tilvenning i barnehagen. Se vedlegg.

Overganger innad i barnehagen

Rammeplanen omtaler også overganger innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barn og personale når de bytter barnegruppe.

Vi følger Espiras standard for bytte av avdeling. Se vedlegg.

Overgang barnehage og skole

Ifølge rammeplanen skal barnehagen i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barnet kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuell skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.

Vi følger Espiras standard for de eldste barna i barnehagen, Skolespirene. Se vedlegg.

Barnehagen som pedagogisk virksomhet

Ifølge rammeplanen skal barnehagen være en pedagogisk virksomhet som skal planlegges og vurderes. Barn og foreldre har rett til medvirkning i disse prosessene. Målet med barnehagen som pedagogisk virksomhet, er å gi barna et tilrettelagt tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen være en lærende organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal være begrunnet i barnehageloven og rammeplanen.

Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planleggingen skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppen.

Slik arbeider vi for å sikre gode planleggingsprosesser:

Me har fem planleggingsdagar pr. barnehageår. I tillegg har me personalmøter, avdelingsmøter, leiarmøte kvar måndag og fire pedagogmøter årleg. Plantida vert brukt til diskusjon av relevant fagstoff/kompetanseheving, evaluering av overordna kompetanseplan, aktivitet - og tiltaksplan for avdelingane, planlegging av aktivitetar, samarbeid på tvers av avdelingane og kursing og rettleiing av alle tilsette.

Vurdering

Rammeplanen sier at barnehagen jevnlig skal vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske virksomheten.

Espira BLIKK

Espira har utviklet sin egen systematiske vurderingsmetodikk. Vi kaller den Espira BLIKK. I Espira BLIKK vurderes de ansattes pedagogiske praksis og samspill med barna opp mot kjennetegn på kvalitet, utledet fra rammeplanen. Etter vurderingene setter barnehagene mål og tiltak for utviklingsområder.

Spireportalen

Gjennom det digitale verktøyet Spireportalen har Espira en digital plattform for planlegging og dokumentasjon av den pedagogiske virksomheten, samt for kommunikasjon med foreldre.

Slik arbeider vi for å sikre god vurderingspraksis:

Observasjon av barna og barnegruppa skjer fortløpende. Deler av avdelingsmøte, leiarmøte og personalmøte blir brukt til dokumentasjon og vurdering. Ved behov for kartlegging hentar me inn skriftleg samtykke frå foreldra.

Kvar avdeling vurderer jamnleg arbeidet sitt etter avdelingstiltaksplanane sine. Alle på avdelinga er med på den pedagogiske evalueringa av barnegruppa, personale og samarbeid mellom avdelingane.

Me gjennomfører brukerundersøking årleg. Her får foreldre gje attendemelding på barnehagetilbodet. Desse attendemeldingane er svært viktig for det vidare arbeidet vårt.

Samtaler med barna er og ein viktig del for å sikre kvaliteten. Barn og foreldre har rett til medverknad.

Dokumentasjon frå kvardagen vår finn ein med tekst og bilete i Spireportalen

Me gjennomfører ein kvalitetsvurdering av oss sjølv gjennom metodikken «**Espira BLIKK**». Dette for å følge opp og støtte prosesskvaliteten i barnehagen. «Espira BLIKK» består av to verktøy: vurdering innanfrå (VI) og vurdering utanfrå (VU). Me har vårt eige vurderingsteam, som består av styrar og to pedagogar.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte

Rammeplanen sier at barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barnas behov og forutsetninger, også når noen barn har behov for ekstra støtte i kortere eller lengre perioder. Barnehagen skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilretteleggingen som er nødvendig for å gi barnet et inkluderende og likeverdig tilbud. Tilretteleggingen skal vurderes underveis og justeres i tråd med barnets behov og utvikling.

Barnehagen skal sørge for at barn som mottar spesialpedagogisk hjelp, inkluderes i barnegruppen og i det allmennpedagogiske tilbudet.

Slik sørger vi for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte:

Allmennpedagogiske tiltak – ekstra tiltak som blir sett i gong for heile barnegruppa. Dersom nokre barn treng ekstra støtte eller oppfølging i ein avgrensa periode, og det vert sett inn tiltak, vil heile gruppa ha eit godt utbytte av tiltaka. Døme kan være språkgruppe eller ekstra fokus på sosial kompetanse mm.

Heile personalgruppa jobbar kontinuerleg med strategien «**Være sammen**». «Være sammen» - tidleg innsats, er eit utviklingsprosjekt for barnehagar med fokus på voksenrolla og relasjonskompetanse. «Være sammen» handlar om kvalitetsheving og utvikling av barnehagar. Grunntema i «Være Sammen» er tidleg innsats, sosial kompetanse, autoritative vaksne, implementering og handtering av utfordrande åtferd. Det er ei eiga prosjektgruppe som driv arbeidet i barnehagen. Denne blir følt opp av eksterne rettleiarar som har

gjennomført eit eige rettleiingsprogram som er utvikla ved senter for adferdsforskning. (Læringsmiljøsenteret, UIS). <https://laringsmiljosenteret.uis.no> › vare-sammen ›

Teikn – til – tale (ttt) – Personalet på tre avdelingar er kursa i å bruke ttt i dagleg dialog med barna.

Ein vurderer samansettinga i barnegruppa gjennom heile året, ut i frå modning og utvikling, for å ta stilling til kva gruppa ein plasserer barna i. Samstundes legg me til grunn vurderingar som barnet sine sterke sider, kva interesser det har, kven som er vennene deira og korleis relasjonane er mellom barn – barn og barn – voksen.

Deler av personalet er kursa i PMTO – Parent Management Training – Oregon. BØMLO KOMMUNE TIBIR <https://www.nubu.no> › TIBIR

Me har personale som kan tilby barna psykologisk førstehjelp ved hjelp av verktøyet «Grøne tankar – glade barn». <https://www.gyldendal.no/faglitteratur/psykologi/generell/gronne-tanker-glade-barn/p-10015762-no/>

Barnehagens arbeidsmåter, progresjon og barnehagens digitale praksis

Ifølge rammeplanen skal barnehagens arbeidsmåter ivareta barnas behov for omsorg og lek, fremme læring og danning og gi barn mulighet for medvirkning. Barnehagen skal ta i bruk varierte arbeidsmåter, og de skal tilpasses til enkeltbarn, barnegruppen og lokalmiljøet.

Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehagens innhold, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leke-, aktivitets- og læringsmuligheter. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barns læringsprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.

Espiras satsinger på de yngste og de eldste barna

Espira har egne satsinger for de eldste barna, skolespirene, og for tilvenning av de yngste barna, småspirene.



Småspirene

En trygg start er fundamentet for en god barnehagetid. I Espira skal vi gi barn og foreldre en god oppstart og tilvenningstid i barnehagen.

Omsorg, trygghet, tilknytning, godt foreldresamarbeid og barnets beste står i sentrum for tilvenningstiden. Vi skal gjøre vårt beste for at alle barn og familier starter barnehagelivet på en god måte.

Skolespira



I Espira skal barna få gode opplevelser med å være eldst i barnehagen. De skal møte arbeidsmåter og få erfaringer som er tilpasset det de er opptatt av og interesserte i. Alle Espiras barnehager har en ansatt med særlig ansvar for skolespira-tilbudet. Denne ansatte deltar også i nettverk med andre skolespira-ansvarlige i Espira, der de utveksler kunnskap og erfaringer og lærer av hverandre.

I skolespiregruppa skal barna også bli kjent med skolen og hva som venter dem slik at overgangen til skolen blir trygg og god. Alle våre barnehager samarbeider med skolene barna skal begynne på.

Slik arbeider vi for å sikre progresjon for de yngste barna (Småspirene) i barnehagen:

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Personalet skal utvide og byggje vidare på barna sine interesser og gje dei varierte erfaringar og opplevingar ved å leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald og arbeidsmåtar tilpassa barna sine erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter.

Det er viktig at dei minste opplever tryggleik og stabilitet den fyrste tida i barnehagen. Skape gode relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen, bli godt kjent på avdelinga, og området rundt avdelinga. Ha små "undreturar" i nærleiken til barnehagen. Me legg til rette for opplevingar som skapar undring, utforsking og nysgjerrige barn, gjennom aktiv bruk av fagområda.

Språk og omgrepslæring er viktig for dei minste - setje ord på alt ein ser og høyrer, føler og opplev. Øve på å setje ord på og få øve på å samhandle med andre barn.

Slik arbeider vi for å sikre progresjon for de mellomste barna i barnehagen:

Me skal bidra til at barna opplever progresjon, ved at dei vert møtt med nye opplevingar og tilpassa oppgåver og utfordringar. Dette vert lagt til rette ved å følge opp og utvide det barna allereie er opptekne av og interessert i, som t.d. Forskerfabrikken, lengre turar i nærmiljøet, nye leiker, materiale og aktivitetar, gjennom bruk av fagområda.

For fire åringane har me eit eige barnehagekor. Då samlast dei i tårnet for song, dikt og dans

Slik arbeider vi for sikre progresjon for de eldste barna (Skolespirene) i barnehagen:

For Skulespirene skal me skape forventningar, gje dei auka lærelyst, fremje språkutvikling, stimulere interessa for dei ulike fagområda og gje dei erfaringar med å samarbeida med andre. Derfor samlar me alle dei eldste barna på ein avdeling det siste året i barnehagen.

Det å våga å stå fram å by på seg sjølv, at me hjelper barna til å oppleve meistring og tillit til andre er viktig for vegen vidare.

Samstundes ynskjer me at skulespirene skal oppleve at overgangen til skulen blir god, ved at dei får bli kjent med skulen før dei sluttar i barnehagen.

Me ynskjer å gje barna eit fantastisk siste år i barnehagen vår! Dette gjer me ved å gi dei nye opplevingar og utfordringar som for eksempel lengre bilturar, Espira-leikane, tur til Siggjo, ulike tema og prosjektarbeid.




Barnehagens fagområder

I rammeplanen er det definert syv fagområder som barna skal utvikle kunnskaper og ferdigheter innenfor gjennom undring, utforskning og skapende aktiviteter. Ifølge rammeplanen skal barnehagen se fagområdene i sammenheng, og alle fagområdene skal være en gjennomgående del av barnehagens innhold. Fagområdene i rammeplanen tilsvarer i stor grad de fagene barna senere møter i skolen.

Spirene

De ulike «Spirene» i Espira representerer alle fagområdene i rammeplanen. I Espira ser vi fagområdene i sammenheng. Vi jobber helhetlig, tverrfaglig og ofte tema- eller prosjektbasert med alle fagområdene.



Espiras satsingsområder

Espira har tre satsingsområder: **Språk, realfag og bevegelse**. Disse områdene er viktige for barns helhetlige utvikling og livslange læring. I Espira skal alle barn møte disse satsingsområdene på varierte og spennende måter.

Slik arbeider vi med fagområdene og satsingsområdene i år:

Språkmiljø: Språk er noko av det viktigaste me kan lære barna!

I det daglege arbeidet i barnehagen jobbar me mykje for å utvikla gode samtalar både i her og no, og der og da situasjonar, og i meir tilrettelagde situasjonar. Alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og heilskapleg utvikling.

I vår barnehage les me mykje og variert for barna, og har ekstra fokus og ynskje om å lesa mest mogleg bøker på nynorsk. Bøker har eit rikare og meir variert skriftspråk enn kvardagsspråket. Me ser at barn ofte tar med seg felles opplevingar frå bøkene inn i leiken.

Me har språkgrupper og driv systematisk språkopplæring gjennom språkløyper og språkverktøyet Troll i ord.

Realfag: Barnehagen vår er godt utrusta med forskerrom med topp utsyr frå Forskerfabrikken. Aktivitetane gir erfaringar med materiale, gjenstandar og samanhengar både ute og inne. Me brukar forskerfabrikken til eksperimentering, diskusjon og undring. Naturen like utanfor barnehagen gir oss umiddelbar tilgang på eit variert og spanande plante- og dyreliv. Me kan sjå hare, ekorn, ulike fuglar og spor etter hjort rett ved barnehagen. Matematikken er overalt og me arbeider kreativt gjennom lek og på barna sine premisser.

Rørslemiljø både ute og inne: For barn er ein godt utvikla motorikk ein føresetnad for å meistra sosiale, psykiske og praktiske utfordringar. Me jobbar for at barna skal inkluderast i ulike aktivitetar der dei kan få vere i bevegelse, lek og sosial samhandling med andre barn, samstundes som dei skal oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. I Espira Salamonskogen legg me til rette for allsidige rørsleerfaringar, både inne og ute. Me har eit variert uteområde og bruker nærområdet vårt aktivt gjennom heile året.

Moster 2024: Moster 2024 markerer at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster. Dette blei starten på rettsstaten og demokratiet i Noreg. Vår barnehage har inngått eit samarbeid med Moster 2024 AS, der me er med i prosjektgruppa for korleis ein best kan inkludere barn og unge i prosjektet. Det er eit 1000 - årsjubile for heile landet, og som har eit ekstra fokus på barn og unge. Jubilèet skal og setje fokus på kva Noreg skal vere i framtida. Tema for 2022/2023 er "**Fridom**". Les meir på moster2024.no

REKOM: Rekom er ei regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen. Ordninga skal bidra til at barnehagen utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Barnehagen og HVL har inngått eit likeverdig partnerskap der begge aktørar skal bidra til samskaping og gjensidig læring som skal endre praksis. Kompetanseutviklinga er ein av fleire virkemiddel som skal sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Fokusområde for Espira Salamonskogen er overgangen mellom barnehage og skule/SFO.

Vedlegg

Espiras standard for når barnet begynner i barnehagen

Målsettingen med Småspirestandarden er at alle barn som begynner i Espiras barnehager får en god start i barnehagen. Småspirestandarden omfatter tre faser:

- Før barnet starter i barnehagen
- De første dagene i barnehagen
- Oppfølging av tilvenningsperioden etter 2-8 uker

Småspirestandarden følges av maler for velkomstbrev til foreldre og skjema for oppstartsamtale og oppfølgingssamtale etter 2-8 uker.

Fase 1 - Før barnet begynner i barnehagen

- Foreldre skal få tilbudsbrev i mappe med brosjyremateriell.
- Når plassen er akseptert etableres kontakt med foreldrene.
- Velkomstbrev sendes til foreldrene i god tid før oppstart
- Alle barn skal få tilbud om å besøke barnehagen før oppstart.
- Det skal avholdes et felles foreldremøte eller en foreldresamtale før oppstart, for eksempel tidlig i juni

Fase 2 - De første dagene

- En avtalt kontaktperson tar imot barnet og foreldrene de første dagene, og sørger for at barnet gradvis blir kjent med flere barn og voksne.
- Foreldrene tilbys oppstartsamtale senest etter en uke, dersom denne ikke er avholdt før oppstart
- Lengde og tidspunkt for tilvenning skal avtales og justeres i dialog med foreldrene med bakgrunn i barnets behov. Foreldrene skal minimum være tilstede sammen med barnet i 3-5 dager.
- Foreldrene tar seg av de daglige rutinene med sitt barn i starten (mat, bleieskift, påkledning osv.) Personalet nærmer seg gradvis.
- Personalet skal være sensitive mot barnets behov og gi barnet den støtten det trenger.
- Personalet skal være imøtekomende.
- Personalet skal sørge for en god struktur, organisering og forutsigbarhet gjennom fast dagsrytme og faste aktiviteter.
- Barnehagen legger til rette for at barnet blir kjent med mindre grupper av barn om gangen.

Fase 3 - Oppfølging av tilvenningsperioden

- Tilvenningsperioden vil i de fleste tilfeller regnes som avsluttet etter 2-8 uker.
- Personalet skal invitere til løpende dialog og tilbakemeldinger fra foreldrene underveis i tilvenningsperioden.
- Barnehagen skal gjennomføre en oppfølgingssamtale 2-8 uker med foreldrene etter barnets oppstart i barnehagen.

Espiras standard for når barnet bytter avdeling

- Det skal tas en velbegrunnet beslutning, i dialog med foreldrene, om barnets overgang
- Når beslutningen er tatt skal foreldrene få tilbud om en overføringssamtale før oppstart på ny avdeling.
- Barnet skal få tid til å besøke ny avdeling før oppstart.
- Barnets garderobeplass skal være klargjort til barnets første dag på ny avdeling.
- Relevant informasjon om barnet overføres mellom avdelinger.
- Det avtales en kontaktperson for barnet og foreldrene i forbindelse med overgangen.
- Kontaktpersonen støtter barnet i å etablere trygge og gode relasjoner, samt sørger for at foreldrene får nødvendig informasjon i overgangsperioden.

**Ordet «avdeling» er valgt fordi det er denne måten flest barnehager i Espira organiserer seg på. Standarden gjelder uansett organiseringsform.*



Skolespira-standarden

Gjennom meningsfylte prosjekter og aktiviteter skal skolespirene få et fantastisk siste år i barnehagen. De skal få de beste forutsetningene for livslang læring og oppleve sammenheng i overgangen mellom barnehage og skole.

Espiras barnesyn skal prege arbeidet i skolespira:

«Barn er fylt av fantastiske evner og egenskaper. De søker hele tiden å skape mening i samhandling med omverdenen. Barna i våre barnehager skal oppleve oss som deltakere i meningsskapingen i et trygt, omsorgsfullt og inspirerende miljø.»

Rammer for skolespira:

- minimum 6 timer til skolespireaktiviteter hver uke
- en pedagog har ansvar for organisering og gjennomføring i barnehagen
- deltagelse i skolespira-nettverk for ansvarlig pedagog
- minimum 3 ganger pr. år
- etablering av kontakt med skolen(e)



Skolespira-standarden

Gjennom meningsfylte prosjekter og aktiviteter skal skolespirene få et fantastisk siste år i barnehagen. De skal få de beste forutsetningene for livslang læring og oppleve sammenheng i overgangen mellom barnehage og skole.

Espiras barnesyn skal prege arbeidet i skolespira:

«Barn er fylt av fantastiske evner og egenskaper. De søker hele tiden å skape mening i samhandling med omverdenen. Barna i våre barnehager skal oppleve oss som deltakere i meningsskapingen i et trygt, omsorgsfullt og inspirerende miljø.»

Rammer for skolespira:

- minimum 6 timer til skolespireaktiviteter hver uke
- en pedagog har ansvar for organisering og gjennomføring i barnehagen
- deltagelse i skolespira-nettverk for ansvarlig pedagog
- minimum 3 ganger pr. år
- etablering av kontakt med skolen(e)

